

Innkalling til instituttrådsmøte

Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 14. desember 2022 kl 12.15

Stad: rom 222, HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Kjetil Berg Henjum, Eirik Hovden, Lene Johannessen, Ingunn Lunde, Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe B: Julia Christine Marinaccio

Frå gruppe C: Anne Hestnes

Frå gruppe D: Sara Karoline Mørland, Lisa Héléna Desprée, Ingrid Elisabeth Gjerding

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla i staden for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referat frå møtet 2. november

Referatet frå møtet 2. november vart sendt ut 3.11.2022. Det kom ingen merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Orientering om bruk av toarstillingar ved instituttet (vedlegg)

Sak 4 – strategi

Instituttleiar orienterer instituttrådet om framdrifta i arbeidet med strategi, og inviterer til diskusjon om satsing på forskning i neste strategiperiode.

Overordna spørsmål: Kva skal IF satse på når det gjeld forskning i neste strategiperiode?

Relevant bakgrunnsdokumentasjon:

- Eksisterande strategi for IF:
https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/strategi_2020_2022.pdf
- Utkast til ny strategi for UiB <https://www.uib.no/strategi/158310/utkast-til-ny-strategi-legges-fram-i-universitetsstyrem%C3%B8tet>

- UiB Fram-rapporten https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/uib_fram-rapport.pdf

Sak 5 – Oppdatering HMS og HMS-plan for 2023 (vedlegg)

Referatet frå instituttrådsrådet 25.05.2022 inneheld følgjande formulering: «Instituttleiar orienterte om arbeidet med hms-årsplan. Han ønskjer ei fast årleg oppdatering og konkretisering av hms-plan for neste år på instituttrådsrådet i november/desember. Første instituttrådsrådsmøte i vårsemesteret bør kvart år gå gjennom og vurderer hms-arbeide i året som nett er gått.»

Sak 6 – ymse

Martin Paulsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Bruken av toarstillingar ved Institutt for framandspråk

Institutt for framandspråk har lenge brukt såkalla toarstillingar (attåstillingar/bistillingar) for å styrka undervisninga på enkelte fag og disiplinar. Dette er 20-prosentstillingar som strekkjer seg over ein periode på (minst) to år. Det er eit krav at den som vert tilsett i ei slik stilling, gjennom heile tilsetjingsperioden har ei anna hovudstilling på minst 50 prosent. Denne hovudstillinga kan vera fast eller mellombels.

Det er klar føremoner ved å bruka toarstillingar i staden for meir kortvarige vikariat o.l. Lovheimelen for toarstillingane er tydeleg og grei, og dei er dermed juridisk ukompliserte. Dessutan er det lettare for faga å langtidsplanleggja undervisninga når den mellombelse tilsetjinga strekkjer seg over fleire semester. Dette kan ein i nokre tilfelle òg få til med å tilsetja i eit vikariat som går over fleire semester. Her har likevel toarstillingane ei praktisk føremon: Vikariat må vi lysa ut, medan tilsetjing i vikariat etter utlysing krev komitéarbeid og intervju, og dermed ein meir omstendelig og tidkrevjande prosedyre.

Frå ein økonomisk synsvinkel, kan ein innvenda at toarstillingar bind oss opp for ein lengre periode sidan tilsetjingsperioden er på minst to år. Det er eit viktig poeng, og derfor kan vi sjølv sagt berre bruka slike toarstillingar der vi har eit klart behov som går over fleire semester.

Det er viktig for IF å kutta ned på bruken av mellombelse tilsetjingar, i tråd med forventninga frå regjeringa og med den nye handlingsplanen ved fakultetet. Hovudregelen er fast tilsette til faste arbeidsoppgåver. Ein del mellombelse tilsetjingar må vi likevel ha dersom vi skal dekkja undervisningsbehovet, ikkje minst fordi ulike typar fråvær, frikjøp o.a. gjer at vi må henta inn ekstra undervisningskrefter. Kan vi då bruka toarstillingar i staden for vikarar, kjem instituttet faktisk betre ut på statistikken over bruk av mellombels tilsette. Toarstillingane tel ikkje med i denne statistikken. Tanken bak er venteleg ei slik attåtstilling i tillegg til ei anna hovudstilling ikkje er «uønska» bruk av mellombelse på linje med utstrekt vikarbruk der arbeidstakaren gjerne gjennom ei årrekke er utan ei stabil hovudstilling.

Instituttleiinga har hatt samtalar med alle fagkoordinatorane hausten 2022 om ressursar og undervisningsbehov på faga. Med utgangspunktet i dette har vi nedanfor vurdert og prioritert bruken av toarstillingar på dei ulike faga våre framover.

Status for toarstillingar ved IF hausten 2022

Haustsemesteret 2022 har institutt for framandspråk følgjande personar i toarstillingar (20 prosent stilling):

FAG	DISIPLIN	PERSON	SLUTTDATO
Engelsk	Fagdidaktikk	Hjermann	31.7.24
Fransk	Språk	Helland	31.12.23
Fransk	Litteratur	Sporsheim	31.12.2022
Italiensk	Språk	Mestiri	30.6.2023
Russisk	litteratur/historie	Mjør	31.7.23
Spansk	Litteratur	Monsenson	31.12.23
Tysk	Kfk-kurs	Schei	30.6.23

Vurdering av behova for toarstillingar på dei ulike faga framover

Toarstillingar vil ofte vera den beste løysinga når vi veit at vi har eit behov som strekkjer seg over minst eit par års tid. Samstundes må vi halda nede både desse utgiftene og andre utgifter til mellombels tilsette. Fakultetet har måtta kutta i driftsbudsjetta til institutta dei seinare åra, og det er desse budsjetta som må dekkja det aller meste av mellombelse tilsetjingar.

Nedanfor har vi vurdert behova ved dei ulike faga.

Arabisk, japansk og kinesisk har ikkje attåtstillingar i dag, og instituttleiinga ser det heller ikkje som aktuelt å etablera slike stillingar på desse faga dei næraste åra.

Engelsk har ei toarstilling på fagdidaktikk som blir avslutta først sommaren 2024. Det må gjerast ei ny vurdering her når vi nærmar oss slutten av perioden. I tillegg får faget ei ny toarstilling i og med at Erik Tønning går inn i ei slik stilling når han sluttar i den faste stillinga si på engelsk (1.1.23-31.12.24).

Fransk har to slike stillingar ved utgangen av 2022, og begge er på språkdisiplinen. Ei av desse stillingane går ut ved årsskiftet 2022/2023 og vil ikkje bli fornya. Sett i lys av at språkdisiplinen på fransk misser ei av to faste stillingane sommaren 2023, meiner vi det er fornuftig at faget får forlenga den andre toarstillinga for i nye år (H23-V25).

Italiensk er svært pressa når det gjeld undervisningsressursar. Faget tilbyr både bachelor- og masterstudium, jamvel med tillegg av studentrike fjernundervisningstilbod på bachelornivå – alt basert på berre to faste stillingar. Faget bør derfor få forlenga toarstillinga med to nye år (H23-V25). Ut frå ressursituasjonen på faget meiner instituttleiinga denne toarstillinga har aller høgast prioritet.

Russisk har ei toarstilling som går ut sommaren 2023. Stillinga har fungert godt som tilskot både til undervisninga og forskingsmiljøet på faget. Eit tilleggsmoment er at den eine av dei to faste russiske språklærarane på faget (25 prosent stilling) går av for aldersgrensa i 2023. Det er ikkje realistisk at vi får til ei erstatningsordning her og no, og dette styrkjer argumentet for å føra vidare toarstillinga.

Spansk har ei toarstilling på litteratur og denne går ut 31.12.2023. Utgangspunktet her var at faget hadde to fulle stillingar i latinamerikansk litteratur (vidareutdanninga er halden utanfor her), men miste den eine av desse då Jon Askeland gjekk av med pensjon. Disiplinen har dermed berre éi fast stilling. Fakultetsleiinga har uttrykt ei klar forventning om at ordninga med toarstilling på latinamerikansk litteratur blir avslutta når den noverande avtalen går ut. Det er samstundes eit sterkt behov for ekstra undervisningskrefter på fagdidaktikk-disiplinen. Her kan det bli aktuelt å koma tilbake til spørsmålet om å setja inn ei toarstilling på fagdidaktikk, utan at dette er avklara enno.

Tysk har ei toarstilling som er sett av til vidareutdanningstilbodet Kompetanse for kvalitet (Kfk). Dette tilbodet kan bli vidareført med to nye år (H23-V25), og spørsmålet om vidareføring vert endeleg avklara no i desember. Dersom Kfk blir ført vidare, og dersom faget ønskjer det, kan òg toarstillinga først vidare i to nye år. Det kan i tillegg bli aktuelt å erstatta ei tidlegare mellombels stilling på Kfk med eit par nye toarstillingar, og det kan bli aktuelt å henta inn eit par toarstillingar knytte til frikjøp av Åsta Haukås. Desse engasjementa er ikkje avklara enno. Dei vil uansett bli finansierte gjennom eksterne midlar (det gjeld både Kfk og frikjøp for Haukås) og ikkje belasta instituttøkonomien.

Oppsummering av prioriteringar og økonomiske konsekvensar i 2023

Instituttet vil prioritera følgjande toarstillingar framover (tilsetjingsperiode i parentes): Italiensk (H23-V25), engelsk litteratur (V23-H24), fransk språk (H23-V25) og russisk (H23-V25). Engelsk fagdidaktikk har dessutan ei stilling som varer fram til sommaren 2024, og ei eventuell forlenging her vil bli vurdert seinare. Tysk kan få bruka toarstillingar på både Kfk og som vikarar for frikjøp, så lenge dette er finansiert med eksterne midlar. Attåtstillinga på spansk litteratur blir avvikla når den noverande tilsetjinga går ut.

Dette gjev til saman seks toarstillingar som instituttet må dekkja i 2023. Stillingar på tysk kfk og frikjøpsfinansierte toarstillingar på tyskfaget er haldne utanfor her. Dei seks toarstillingane er kostnadsrekna til **om lag 1 100 000 kroner (inkludert sosiale kostnader)**. **Dersom fakultetet dekkjer toarstillinga på engelsk litteratur, er summen nede i underkant av 900 000 kroner**. Instituttet risikerer likevel at vi må dekkja stillinga seinare tilsetjingsperioden, t.d. frå og med våren 2024.

VEDLEGG til sak 5: Oppdatering HMS og HMS-plan for 2023

Institutttrådsmøte 14. desember 2022

Institutt for framandspråk

Universitetet i Bergen



Enhet:	Institutt for fremmedspråk	Leder:	Martin Paulsen, Instituttleder
Dato:		Verneombud:	Hovedverneombud: Bente Hannisdal Varaverneombud: Kjetil Berg Henjum

HMS-handlingsplanen omfatter følgende HMS-mål:

Nr.	Beskrivelse av hva som skal forbedres og hvor	Kort beskrivelse av tiltaket	Kostnad (tid)?	Tidsfrist	Ansvar for oppfølging	Utført (✓)	Henv. til budsjett/virksomhetsplan
Gode arbeidsfellesskap							
	Fagvise lunsjer	Oppfordre de ulike fagene til å ha faste lunsjmøter.		Minne om det i februar 2023	Fagmiljø og instituttleder		

	Felles sommer- og julefest	Arrangere sommerfest og julefest for ansatte og emeriti		Juni og desember	Instituttleder + komiteen		
	HMS-møte	Arrangere HMS-møte. Informere om «Sikre siden», kurstilbud m.m. Oppfølgingsmøte med presentasjon av tiltak		Oktober 2023	Instituttleder i samarbeid med verneombud og administrasjonskonsulent		
	Medarbeidersamtaler	Invitere alle ansatte til medarbeidersamtale med nærmeste leder		En gang per år	Administrasjonssjef, forskningskoordinator, undervisningskoordinator og instituttleder.		
	Faste temamøter	Møter om ulike tema		Månedlig	Instituttleder		
	Felles turdag	Arrangere felles turdag. Vurdere å kombinere turdagen våren med sommerfest. Turdag høsten i september.		1 gang i semesteret	Instituttleder i samarbeid med administrasjonskonsulent		
Trygge og funksjonelle arbeidsplasser							
	HMS-runde på instituttet.	Informere ansatte om tid for HMS-runde slik at flest mulig kan være til stede. Skjema sendes på epost i forkant av HMS-runden. Valgfritt å sende skjema inn på forhånd ellers samles det inn på runden. Gi mulighet for digitalt møte / epost kommunikasjon for de som ikke kan være til stede. Følge opp resultater og funn		Gjennomføres andre halvdel av september 2023 Høsten 2023	Instituttleder i samarbeid med administrasjonskonsulent og verneombud		

	Kjøkkenløsning i 2.etasje	Fortsette med arbeidet om å kjøkkenløsning		Vår 2023	Instituttleder		
	ARK	Årlig kartlegging av psykososialt og organisatorisk arbeidsmiljø Arrangeres fra UiB sentralt. Instituttet følger opp lokalt.		Følger frister UiB sentralt gir	Instituttleder		
God sikkerhetskultur og beredskap							
	Brannvern og beredskap	Årlige brannøvelser. Forebygge brannfare ved å minimere mengden brannfarlig materiale på arbeidsplassen, sørge for frie rømningsveier, og sikre elektriske apparater.		Brannøvelse høsten 2023	Instituttleder i samarbeid med byggansvarlig (brannvern) og eiendomsavdelingen		
	Påse at alle har god nok kompetanse om brannvern og sikkerhet.	Sørge for at alle ansatte kjenner til rømningsveier. Alle nyansatte skal få tilbud om brannvernkurs. Alle ansatte skal ha gjennomført brannvernrunde med byggansvarlig. Sette opp datoer gjennom året hvor ansatte kan melde seg på til brannvernrunde		Nyansatte skal ha gjennomført brannvernrunde innen første måned i arbeidsforholdet Lenke til påmelding informeres i IF-nytt i løpet av Mars	Instituttleder i samarbeid med byggansvarlig		

	Oversikt over hvor ansatte befinner seg	Minne ansatte om viktigheten av å melde fra til post@if.uib.no om planlagt fravær fra bygget, altså hvor man befinner seg på arbeidsreiser innenlands og utenlands.		Skrives i IF-nytt i løpet av januar 2023	Instituttleder og administrasjonskonsulent		
	Fokusere på IT- Sikkerhet	Sørge for at alle tar e-læringskurs i infosikkerhet og personvern: E-læringskurs i personvern og informasjonssikkerhet (uib.no)		Skrives i IF nytt i løpet av høsten	Instituttleder		
	Brannslukkingskurs og førstehjelpskurs	Finne en felles dato for at IF kan ha brannvernkurs og førstehjelpskurs. Finnes muligheter ved UiB til å melde seg på gjennom året, men felles dato vil bidra til sosialt treff og felles sikkerhetskultur.		Førstehjelpskurs vår 2023 Brannslukking høst 2023	Instituttleder i samarbeid med administrasjonskonsulent		
Annet							

Oppfølgingsmøte dato: _____

Mal oppdatert 14.02.2022